


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
JUNI 2021**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00
Månd.-fredag kl 08.00-15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 – 19.00
Tysdag 14.00 – 18.00
Onsdag 14.00 – 18.00
Torsdag 12.00 – 15.30
Fredag 12.00 – 15.30
Truleg stengt i juli, sjå plakatar,
nettside og facebook.

DIM-RENOVASJON:

Returpant glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

FORSIDEFOTO:

17. mai feiring på Vikeså.
Foto: Alf Ognedal

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tirsdag 17. august kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 26. august. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

TRYKKING:

Jærprint

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

ORDFØRAREN SITT HJØRNE



HEI, GODE SAMBYGDINGAR!

Det blei ei fin 17. mai feiring med Covid-variant i år også. Godt opplegg og heldig med vêret, men eg håper likevel at vi er tilbake til normalen neste år.

Den 6. mai fekk eg gleda av å klyppa snora på Coop Prix-butikken på Bjerkreim. Veldig kjekt at Coop tok dette løftet for Bjerkreimsbutikken. Nå er det opp til alle å bruka tilbodet. Eg skal prøva og få med meg kommunestyre på å endra kriteria for innkjøp i kommunen slik at skular og barnehagar kan bruka nærtilbodet dei òg.

I Gloppedalsura er det avduka ein minnebauta. Denne fortel om krigen og dei handlingane som skjedde i ura og omegn. Det var min kollega Tone Vaule som fekk æra ilag med Frode Fjeldsbø å avduka bautaen. Quiz til neste Bjerkreimsnytt - Er det nokon som kan minnast sist ei kvinne bar ordførarkjeda i Bjerkreim?

Eg synes bøndene fortener ein ekstra klapp i år. Dei har ikkje bare dreve med vårvinne og lamming. Men dei har «jaggu» vore demonstrantar også. Det har vore fine, rolege demonstrasjonar med traktorar og banner. Eg vil visa mi støtte til saka, og håper Stortinget kjem fagлага i møte på kravet frå næringa. Det er på tide det tas eit skikkeleg løft.

Det var òg ein gledens dag den 20. mai. Då fekk eg æra av å opna Apoteket i bygda. Tenk det, nytt tilbod i sentrum. Det er ikkje kvar dag dette skjer. Gratulera med opninga av flott, nytt apotek, og gratulera og med utviding av butikken Søstra til Morten.

I Kulturparken skjer det litt igjen. Det kan sjå ut som at sandvolleyballbane kjem på plass i.l.a sommaren. Dette blir kjekt for ungdommen i bygda. Piknik i parken med tilhøyrande volleyballbane må jo vera ein god møteplass for ungdom i framtida. Dette var eit ønske frå ungdomsrådet som nå blir realisert med god støtte frå SR Bank. Takk til dei for bidraget!

Elles var det notert i revidert nasjonalbudsjett at det skal koma meir kompensasjon til vertskommunar for vindkraft. Dette vil eg halda varmt. Det er viktig for oss at dette kjem kommunen til gode gjennom produksjonsavgift eller lignande, og ikkje kjem inn under inntektsutjamningsordninga. Dette er midlar vi kan skapa trygge, gode tenester til Bjerkreimsbuen for. Ein stor dag om vi får dette på plass før 01.01.22.

Eg kjem ikkje vekk ifrå å minna om lyset i enden av tunellen for alle de som er «ganske» lei Covid 19. Vaksininga er i full gang. Vi kan trass alt vera taknemlege for det låge smittetrykket i landet vårt, og freden vi har. Oppslag i nyheitene den siste tida frå India og frå Gaza har gitt oss eit bilde på at nokon har det forferdeleg vondt og trist. La oss tenkja litt på alle dei som mister sine nære og kjære.

Vennleg helsing, Kjetil

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



POLITISKE MØTE JUNI

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

Fellesråd:	Torsdag 03. kl 13.00
Ungdomsråd:	Torsdag 03. kl 18.00
Kontrollutval:	Måndag 07. kl. 14.00
Gruppemøter:	Måndag 07. kl 19.00
Formannskap:	Tysdag 08. kl 19.00
Levekårsutval:	Onsdag 09. kl 19.00
LMT-utva:	Onsdag 16. kl 19.00 (ny dato)

INFO FRA POLITIKONTAKTEN

Politikontakten er kjent med at barn og unge kjører ATV og andre motoriserte kjøretøy i Bjerkreim. Jeg vil derfor si noe om lovverket rundt dette og håper med det at foresatte og andre voksne reflekterer over faren forbundet med dette og gir egne barn gode holdninger på området.

Veitrafikkloven gjelder over alt, også på privat eiendom.

Barn under 16 år kan **KUN** kjøre ATV som går **MAX 6 km/t**.

Går kjøretøyet forttere enn dette, **SKAL** kjøretøyet registreres, fører være over **16 år** og inneha **gyldig førerkort** for den klassen kjøretøyet er registrert i.

Dersom din første tanke når du leser dette er: "jeg har kjørt traktor siden jeg var 9 år, det har alltid gått bra", så vil jeg gjerne si, at det er nok av eksempler på at dette ikke har gått bra! I tillegg så er kjøretøyene i dag både større og med kraftigere motor enn de ofte var før.

Konsekvensene av å la barn kjøre disse kjøretøyene kan være:

- Utsettelse på førerkortet
- Bot
- Avkortning eller ingen forsikringsutbetaling ved uhell og/eller skade på gjenstand, eiendom eller **PERSON**
- Beslag av førerkortet til foresatt
- Bekymringsmelding til barnevernet

Jeg mottar også noen spørsmål rundt dette med el-sykkel/-moped/-scooter. Reglene her er kort fortalt at den ikke skal kunne gå forttere enn 6 km/t når du KUN bruker håndgassen. Dersom man bruker trøene i tillegg, kan den komme opp i 25 km/t. Det er lett å koble om denne, slik at den kjører forttere uten å trække.

Da bryter man loven og risikerer **bot** og i verste fall **utsettelse på mopedførerbeviset**. Hjelm er faktisk ikke påbudt, men anbefales på det sterkeste!

Igen handler det om å gi barna våre gode holdninger og lære de forskjellen på rett og galt. Dette ansvaret ligger først og fremst på oss foreldre, det ansvaret må vi være bevisst og det må vi ta!

*Hilsen politikontakt
Svanhild Wetteland-Skåra*

«ME TENKJER PÅ LANDET»

Se salmevideo på YouTube med salme av Trygve Bjerkrheim, filming fra bl.a. Ørdsalsvatnet . Link:

<https://www.youtube.com/watch?v=3LPHW5n5htM>

Eller søk på: Me tenkjer på landet.

Salmefilm av Salmefryd. Ragne Marie Døble

Bjerkreim kommune har støttet innspilling av videoen «Me tenkjer på landet» , tekst av Trygve Bjerkrheim, melodi av Lars Aanestad. Brorparten av filmen er fra Bjerkreim: Ørdsalsvatnet, Kongeveien mm. Resten fra Randaberg og Stavanger. Flott innspilling, anbefales!



PROGRAM KLØGETVEDTTUNET SOMMEREN 2021

Søndag 13. juni 13.00:

Sesongåpning v/ ordfører. Åpen kafe. Minikonsert med artisten Rossmann, som har som mål å spille konsert i alle Norges kommuner. Sang og gitar. Gratis adgang.

Søndag 20. juni 13.00: «Arkeologi på nye veier» tar oss med tilbake i tid, og forteller om arkeologiske funn i Bjerkreim. Passer best for voksne. Gratis adgang.

Søndag 15. august 13.00: Kanopadling med Dalane Friluftsråd. Passer for alle. Gratis adgang.

Søndag 22. august 13.00: Konsert med Ottar «Big Hand» Johansen. Den store, norske countrystjerna kjent fra NRK på 1970 – og 80- tallet besøker Kløgetvedttunet! Passer for alle. Gratis adgang.

Søndag 29. august – Marknadsdag dersom smittevern tillater det. Avgjørelse om Marknadsdag kan avholdes, blir tatt ca 1. august.

Alle søndager med arrangement: Åpent 13 – 16. Åpen kafé. Salg av kaffe, te, lapper og enkle kioskvare. Publikum anmodes om å betale på Vipps hvis mulig. Pga smittevern kan vi kun ta imot sedler, og kan heller ikke gi tilbake mynter som vekslepenger. Det tas forbehold om fortsatte regler for smittevern og avstand, og at vi kanskje må begrense antall besøkende i hver bygning ved behov. Mer enn vanlig av aktivitetene vil foregå utendørs eller i det uoppvarmede sauchuset, klær etter været anbefales.

Guiding på forespørsel.

Den frivillige Kløgetvedtkomiteen gjør en formidabel dugnadsinnsats for at Kløgetvedttunet alltid skal være i god stand. Dersom noen tenker at de kan ha lyst å hjelpe til, kan de kontakte Bjerkreim kulturkontor på tlf 988 80 147. Du trenger ikke kunne snekre eller klatre på tak for å delta, komiteen gjør alle typer arbeid både utendørs og innendørs på tunet. Flere gode hjelpere ønskes velkommen!



STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2021

Måndag 13. september 2021

Godkjende vallister

Vallister for Rogaland fylke finn du på <https://www.rogfk.no/politikk/valg/om-stortingsvalg/>.

Kven har stemmerett?

Ved Stortingsvalet har alle norske statsborgarar over 18 år stemmerett. Det held at du fyller 18 år i løpet av året. Du må dessutan stå i manntalet. (For å stemma i Bjerkreim kommune må du vera registrert som busett i Bjerkreim innan 30. juni i år.)

Står du i manntalet?

Manntalet vil bli lagt ut til offentleg ettersyn på kommunehuset på Vikeså, frå rundt 12. juli, t.o.m. valdagen. Det er viktig at du som veljar sjekkar at du står i manntalet, spesielt om du har flytta til kommunen dette året. For å vera manntalsført i Bjerkreim kommune, må flytting vera registrert innan 30. juni. Dersom du meiner at du eller nokon andre er feil innført, eller ikkje står i manntalet til kommunen, kan du krevja at valstyret rettar opp feilen. Kravet må vera skriftleg og grunngjeve og sendast til: Bjerkreim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, eller postmottak@bjerkreim.kommune.no.

Valkort

Valkorta blir utsende digitalt slik at du som veljar kan få det opp på mobiltelefonen din. Dei som har reservert seg mot digital post, vil få valkortet per post.

På valkortet står tid og stad for når du kan førehandsstemma og når du kan stemma på valdagen. Du treng ikkje valkortet for å stemma, men det sparer deg for tid. Valkortet gjeld ikkje som legitimasjon.

Vil du stemma på førehand?

Frå 1. juli, kan du avgje tidlegstemme i serviceavdelinga på kommunehuset, kl. 08.00-15.00. Perioden for ordinær førehandsstemming er frå tysdag 10. august, t.o.m. fredag 10. september, kl. 08.00-15.00. Valstyret har vedteke utvida tid for førehandsstemming måndag-torsdag dei to siste vekene før valdagen, kl. 15.00-19.00. Ved behov kan det avtalast førehandsstemming utanom dette (tlf. 51201100). Husk å ta med legitimasjon og valkort!

Førehandsstemminga på Bjerkreim omsorgsenter er ikkje fastsett ennå, men vil bli ein gong i veka før valdagen.

Vil du stemma heime?

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan koma seg til eit lokale og stemma på valdagen eller på førehand, kan søkja om å få stemma der vedk. oppheld seg (heime). Søknad om dette må sendast til: Bjerkreim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, eller til postmottak@bjerkreim.kommune.no, ev. kan du ringa: 51201100.

Er du i karantene eller isolasjon?

Det skal leggjast til rette for at alle som ønskjer å stemma får stemt. Og valet skal vera trygt, smittevernmessig, i alle ledd - for alle veljarane! Vi veit ikkje nå korleis smittesituasjonen vil vera i august/september, men vi må ha ein plan for korleis veljarar som ev. er i karantene eller isolasjon skal få gitt sin stemme. Det kan bli sett opp eit eige vallokale for veljarar i karantene, utfrå gjeldande reglar for smittevern. Veljarar i isolasjon må stemma heime, jf. reglane som gjeld.

Oppmoding om å stemma på førehand!

Pga. smittesituasjonen og eit ønskje om å spreia veljarane i tid, oppmodar valstyret flest muleg til å stemma på førehand, og at veljarane nyttar heile førehandsstemmeperioden frå 10. august (ev. frå 1. juli), ikkje bare siste veka før valet. Takk!

Opningstidene på valdagen

kl. 08.00 – 20.00 på Bjerkreim bedehus.

kl. 08.00 – 21.00 på Bjerkreim kommunehus.

Husk å ta med legitimasjon og valkort!

Meir om valet kan du lesa på www.valg.no.

LOPPEMARKED

På Vikeså Misjonshus den 14.08 om coronasituasjonen tillater det. Dørene åpnes kl. 10.00 og auksjonen starter mellom 11.00 og 11.30. Lopper tas imot på Vikeså Misjonshus torsdag 12. og fredag 13. august mellom kl. 17.00 og 19.00. Større møbler, klær og gammelt datautstyr kan vi ikke ta imot. Litauens Venner i Bjerkreim vil gjerne omsette loppene til penger for å hjelpe barn i vår vennskapskommune Plunge. Vi håper at mange vil ta turen til Vikeså Misjonshus denne lørdagen.

Arr: Litauens venner

HAGEVANDRING JUNI

Hagevandring hos Marianne Lien 8. juni kl 18.00. Enkel servering. Alle er velkomne.

Arr. Bjerkreim hagelag

HAGEVANDRING AUGUST

Hagevandring hos Willy Mæland i Hovsherad i Lund 16. august. Oppmøte og avreise fra Ezzo Vikeså kl 17.00. Alle er velkomne.

Arr. Bjerkreim hagelag

INNSAMLINGSAKSJON "HEI VERDEN"

Vikeså skule skal ha innsamlingsaksjon i år! Pengane går til skuletilbod til barn i Bangladesh, gjennom skulane sin eigen solidaritetsaksjon "Hei verden"! Meir informasjon om kva pengane skal gå til finn de her: <https://www.heiverden.no/project-land-subpage/bangladesh/bangladesh-1>

Aksjonsveka er 7.-11. juni.

Det blir samla inn pengar på mange ulike måtar. For meir informasjon sjå <https://sites.google.com/bjerkreimskular.no/innsamlingsaksjon> Vippsnummer til aksjonen: **686958** Vikeså skule - Hei verden Takk for støtta!

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Vi samles til uformelle treff på lærerrommet på Vikeså småskule 9. juni kl. 18.30 til kl. 20.30

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!

Onsdag 2. juni: Noppisbyen, Skiftingsholen.

Onsdag 7. juli Helland.

I juli: Ta med niste og sitteunderlag.

Onsdag 4. august: Fossmoen, Kleivane

Avreise frå ESSO Vikeså kl. 10.00.

Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma



BIL - SYKKEL

Ønsker noen å låne idrettslaget sin sykkeltaxi for å ta noen med på tur kan en kontakte Åshild Slettebø på telefon 4694080.

BJERKREIM BYGDEKVINNELAG:

8. juni kl. 19.00. Prematurstrikk på Samfunnshuset i Lionsrommet. Alle er velkomne.

16. juni. Rusletur til Vandringshavn Eigerøy. Avreise fra Ezzo kl. 18.00. Påmelding til Liv Karin 91729184.

BJERKREIM BEDEHUS

Leige av lokalar til konfirmasjon i 2022.

Frist for å søkja: 23.06.21.

Det kan vera 2 parallelle selskap – eit i 1. etg. og eit i kjellar. Fint med beskjed om kva de ønskjer.

Kontakt: Anne M. Slettebø, tlf. 99494785, epost:

bjerkreimbedehus@gmail.com.

Trekking like etter fristen.

Bedehuset er også ledig laurdag

2. oktober 2021 til konf.selskap i hovudetg. Den som tek kontakt først, får leiga huset.

Driftsstyret

Fredag 27. august kl 1930

VALGFEST

på Vikeså Misjonshus

Vel møtt!
Bjerkreim KrF



VIKESÅ MISJONSHUS

Juni:

02. kl. 20.00 Bønnesamvær

09. kl. 14.00 Bingo

16. kl. 19.30 Samtalemøte

August:

30. kl. 19.00. Yngres startar opp

All verksemd vert etter koronareglane.

BJERKREIM BEDEHUS

Følg med på nettsida:

www.bjerkreimbedehus.no.

Dette blir arrangert dersom

Koronasituasjonen tillet det:

Juni:

04. kl. 18.00 Konsert barnekoret

06. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM, tur til Veen (verforbehold)

15. kl. 19.30 Logos bibelundervisning

23. kl. 19.00 Jonsokfeiring, ute

August:

17. kl. 19.30 Logos? (ev. på Vikeså)

27. kl. 18.00 Fredagstreff og Fredagsklubben saman på/ved Vikeså Misjonshus

27. kl. 19.30 Møte, Imf

28. kl. 18.30 Samlingsfest

29. kl. 11.00 Endelig søndag, Imf

kl. 11.15 Søndagsskule

Nasjonalforeningen
for folkehelsen



BINGO

Onsdag 9. juni kl 14.00 i Peisestova på Vikeså Misjonshus.

Dette blir arrangert om det ikkje kjem nye restriksjoner.

Arr. Bjerkreim helselag

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar.

Kontakt Ingbjørg Vassbø, tlf. 51 45 22 37/486 03 535



VELKOMMEN TIL PLANLAGDE GUDSTENESTER:

(sjå Bjerkreimkyrkja.no eller kyrkjesida i Dalane Tidende på fredagar for eventuelle endringar)

Sundag 6. juni kl. 11.00.

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

Sundag 13. juni kl. 11.00.

G3 gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Sundag 20. juni kl. 11.00

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Sundag 27. juni

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 4. juli kl. 19.30.

Gudsteneste i Bjerkreim kyrkje (Merk tid!)

Sundag 11. juli

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 18. juli kl. 11.00.

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

Sundag 25. juli kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje

Sundag 1. august kl. 11.00.

Høgmesse i Ivesdal kyrkje

Sundag 15. august

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 22. august kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Utdeling 6-års bøker

Sundag 29. august kl. 11.00.

Gudsteneste på Vikeså Misjonshus

MUSIKKGUDSTENESTE/SALMEKVELD

Velkommen til Ivesdal kyrkje onsdag 9. juni klokka 19.30.

Kort gudsteneste v/ prest Leif.

Urframføring av «Bjerkreimssalmen»

- tekst og melodi av Magnar Edland.

Trygve Bjerkrheim songar frå boka «Himmelbru».

Song av klokkarane og Synnøve og Liv Valbjørg.

Allsong.

Salmekvelden blir strømmma.

Herrens bøn

Er den mest kjente bøna i Bibelen. I ei av setningane står det:

«Og lat oss ikkje koma i freisting» (Bibelselskapet 2011) eller

«Før oss ikkje ut i freisting» (Bibelselskapet 1985). Kva betyr eigentleg dette?

Ordet «freisting» betyr noko sånt som å ha ein lyst til å gjere noko som er galt. Men betyr det at Gud kan kome til å freiste oss til å gjere det onde?

I 1 Kor 10, 13 står det «Gud er trufast, han skal ikkje la dykk bli freista over evne. Nei, midt i freistinga vil han òg visa ein utveg, så de kan halda ut.»

Og i Jak 1, 13 står det «Ingen som blir freista, må seia: «Det er Gud som freistar meg.» For Gud blir ikkje freista av det vonde, og sjølv freistar han ingen.»

Ordet som i Herrens bøn blir omtala som «freisting», handlar i denne samanhengen meir om «å bli prøva» eller «testa», og setninga i Herrens bøn kan difor utleggast som «Utsett oss ikkje for prøvingar» (i alle fall ikkje så store at me ikkje klarar dei).

Å be sitt Fadervår, har for mange opp igjennom tidene, blitt sett på som ein oppskrift til å unngå det som er farleg og vondt i verda. Men Bibelen legg ikkje fram kristentraua som ein oppskrift på å unngå vanskelege tider. Tvert imot. Trua er ein kraft, ei trøyst og ein følgesvenn i dei tunge tider, i prøvingar og i vansker.

Lina Sandell skriv difor heller ikkje i salma si: «Ingen er så trygg frå fare», men tvert imot «Ingen er så trygg i fare».

Så no har eg ein sterk von om at denne korona-tida snart må vere absolutt ferdig. Dei lovar jo det. Eg vonar sommaren markerar «før» og «etter» denne prøvinga. Og: Kjære Gud. Lat oss ikkje koma i slik ei prøving igjen.

Gooooooooo sommar

mvh Leif prest

KONFIRMASJONSDAGAR HAUSTEN 2021:

Laurdag 18.09 kl. 10 Bjerkreim kyrkje

Laurdag 18.09 kl. 12 Ivesdal kyrkje

Laurdag 02.10 kl. 10 Bjerkreim kyrkje

Laurdag 02.10 kl. 12 Bjerkreim kyrkje

KONFIRMANT VÅREN 2022 – INFORMASJONSMØTE.

Tysdag 8. juni 2021 kl. 19.00 til ca.

20.30 blir det informasjonsmøte i

Bjerkreim kyrkje for neste års konfirmanter og foreldre/føresette.

Det er sendt ut brev til neste års konfirmanter etter kyrkja sitt medlemsregister (fødde 2007).

Har du ikkje fått invitasjon,

ta kontakt med kyrkjekontoret.

Velkommen.

FERIETIDA 21.06. – 15.08.

Enkelte dagar kan kyrkjekontoret vera stengd p.g.a. ferieavvikling. Kjem du til låst dør, vil det vera oppslag med tlf.nr du kan ringja.

Kontortid i ferietida: tys- og torsdagar kl. 09.00 – 14.00.

Soknepresten har ferie veke 25,26,27 og 28. Tlf. kyrkjekontoret i Eigersund 51463330.

NY KYRKJEVERJE/DAGLEG LEIAR

Astrid Apalset Vassbø er tilsett som ny kyrkjeverje/dagleg leiar i 100% stilling frå 01.09.2021. Velkommen til teneste i kyrkjelyden.

UTDELING AV 6 ÅRSBØKER!

Det blir delt ut bok til alle 6-åringar på familiegudstenesta i Bjerkreim kyrkje søndag 22. august. Vi sender ut invitasjonar etter kyrkja sitt medlemsregister når det nærmar seg. Alle 1.klassingar (f. 2015) er velkomne til å få boka. Ta kontakt med oss på post@bjerkreimkyrkja.no eller tlf.: 51201198 dersom de vil ha invitasjon til nokon som ikkje står i registeret vårt.

LANDØYDA



Landøyda er ei svært giftig plante som spreier seg lett dersom ho ikkje vert fjerna. Planta er skadeleg for beitande dyr,

spesielt storfe og hest, som kan få leverskader. Ugraset er eit aukande problem i Rogaland, og no har fleire aktørar gått saman om ein felles handlingsplan for nedkjemping av landøyda, for at ho ikkje skal spreia seg vidare.

Etter avtale som Rogaland bondelag har gjort med Rogaland fylkeskommune langs deira fylkesvegar, har gardbrukarar no lov å sprøyta i vegkantane som grensar til eigen eller leigd gard, mot problemugras som landøyda, hundekjeks.... Dette for å hindra at ugraset spreier seg vidare på eigen gard. Avtalen gjeld frå no og ut 2023. Avtalen legg til grunn at den som utfører sprøytinga har nødvendige godkjenningar, og følgjer krava i forskrift for plantevernmidde. Avtalen føreset også at arbeidet vert gjort etter gjeldande regelverk for å sikra den som utfører sprøytinga og vegtrafikkantar.

TISTLAR

Husk det viktige arbeidet med å fjerna/sprøyta tistlane i beita dine!

VILKÅR FOR Å FÅ BEITETILSKOTT FOR DYR PÅ HØVESVIS BEITE OG UTMARKSBEITE

1. For å få tilskott til dyr på beite er det eit vilkår at dyra har vore **ute på beite i minimum 16 veker**,

og at hovuddelen av det daglege grovforinntaket skjer ved beiting i denne perioden. Med andre ord er det snakk om beiting og ikkje «lufting». Beitetilskottet er i år på kr 50,- pr. sau/lam og 445 pr. storfe.

2. I tillegg kan du få tilskott til dyr på utmarksbeite, **med tilfredsstillande beitemoglegheiter, dersom hovuddelen av det daglege grovforinntaket til dyret skjer ved beiting i utmark i minimum 5 veker.** Tilskottet er her auka dei seinare åra, og er nå på kroner 230,- pr. sau/lam og kr. 822 pr. storfe.

For å vera berettiga slikt tilskott, så skal tilgangen på utmarksbeite altså vera tilfredsstillande. Kor mange daa utmark treng så kvart dyr tenker naturleg nok du som bonde ?

Dette er eit svært vanskelig spørsmål som mellom anna avhenger av beitekvaliteten på graset, og kor mykje nyttbart beite utmarka inneheld. I eit forsøk gjort av Nibio varierer kravet til da utmarksbeite mellom 10 og 30 da pr. sau, alt etter kvaliteten på beite. For storfe vil tilsvarande tal vera mellom 46 og 152 da pr. dyr. I og med at utmarka i Dalane i stor grad er næringsfattig, så vil me nok vera i den dårlegaste enden av denne skalaen. Me er imidlertid svært opptatt av at dei viktige beiteressursane i utmarka vert utnytta, men beitinga må vera reell.

Det betyr at du som bonde ikkje kan føra opp alle dyra på utmarksbeite, vera glad og fornøyd og venta på utbetaling av tilskott. Ein må faktisk gjera ei vurdering som er etterprøvbar.

Landbrukskontora i Dalane har derfor forsøkt å koma fram til nokre normtal for krav til da utmarksbeite pr. dyr i vårt område, med middels beitekvalitet. Me hadde ein feltdag i Bjerkreim i fjor haust, og kom då fram til fylgjande tal:

- **Sau med lam heile sesongen : 20 da utmark pr. dyr.**
- **Sau med lam bare 5 veker (gjeld også for vaksne sauer etter at lamma er tekne frå om hausten.): 10 da utmark pr. dyr**
- **Storfe heile sesongen: 50 da utmark pr. dyr.**
- **Storfe, bare 5 veker: 25 da utmark pr. dyr.**

Du bør også føra ein beitelogg, som viser når dyra er sluppet på utmark (eller innmarksbeite) og kor mange som er sluppet, slik at beitetida kan dokumenterast.

Du må for all del ikkje føra opp alle dyra på utmarksbeite på søknaden om tilskott, og rekne med at landbrukskontoret justerer tala. Det skal vera reelle tal som først opp, og me har ikkje lov til å justera tala dine – med unntak av når du har bedt oss om å gjera det, etter at du har levert søknaden.

Dette er ei tilskottsordning med såpass store beløp at det vert sett fokus på dette ved kontroll av søknadene om produksjonstilskott. Derfor må de ha så rette tal som mogleg, for å unngå avkorting. Er du i tvil, så ta kontakt med oss på landbrukskontoret for ein diskusjon om beitemoglegheitane på din gard.

INFORMASJON

Når du trenger **fotograf, innramming** eller hjelp til noe **forelatert...**
Vi benytter alt fra **120 år gamle kamera** til dagens moderne **digitale løsninger.**



Han med hatten

..til hverdags og fest, fra 1851 til i dag

Følg oss på [Instagram](https://www.instagram.com/hanmedhatten) [Facebook](https://www.facebook.com/hanmedhatten) [LinkedIn](https://www.linkedin.com/company/hanmedhatten) [YouTube](https://www.youtube.com/channel/UC...) [Følg oss på hanmedhattenfoto](https://www.hanmedhatten.no)

Les av med mobilkamera Hanmedhatten.no | post@hanmedhatten.no | 900 20 955

PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarberg.no. Tlf 481 81 804



Gitar og Handverk DA



Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL KLINIKKEN PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså

Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt

Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor

Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ
VEISERVICE AS

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!